

**VEDTEKTER FOR :**  
**Barnehagen i Bryne kyrkje**  
**Fotland barnehage**  
**Undheim barnehage**

**§ 1 Eigartilhøve og ansvar for drift av barnehagane.**

Time kyrkjelege fellestråd eig og driv barnehagane, og byggjer verksemda si på Den Norske kyrkja sin grunn.

**§ 2 Formål**

Barnehagane skal vera ei pedagogisk tilrettelagt verksemd. Dei skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, Kunnskapsdepartementet sine forskrifter, nasjonal rammeplan og barnehagen sine vedtekter.

Barnehagen legg vid praktisering av lova si kristne formål til grunn, og skal hjelpe til å gje barna ei kristen oppseiing.

Saman med heimen skal barnehagen gje barna oppvekstvillkår som gjer dei lyst på livet og evne til å meistra det.

Gjennom tilrettelagt opplæring skal barnehagen leggja eit godt grunnlag for barna si utvikling og livslang læring.

Barnehagen skal vera ei kvalitativ god og fleksibel teneste.

**§ 3 Opptak**

3.1 Opptakskrets er barn som bur i Time kommune og Barn med Lovfesta rett til barnehageplass er barn som fyller eit år innan utgangen av august det året dei søker om barnehageplass. ( jfr Barnehagelova § 12a ).

Det er eit hovedopptak til barnehagane. Søknadsfrist er sett til 1.mars.

Barn må vera 9 månadar ved oppstart i barnehagen for å få plass dersom det er ledig kapasitet

3.2 Opptakskriterium:

Opptak av barn skjer i samsvar med kriterium for samornda opptak , fastsett av Time kommune

3.3 Prioriterte barn

1. Barn med funksjonshemming skal ha prioritet ved opptak dersom barnet etter sakkunnig vurdering er funne å kunna ha nytte av opphald i barnehage ( jfr. § 13 i Lov om barnehagar )

Barn som er omfatta av omsorgsvedtak og andre vedtak fatta i fylkesnemnda i medhald av Lov om barnevernstenester §§ 4 - 12 og 4 - 4 ( jfr. 7 - 2 første ledd)

2. Syskenprioritet i same barnehage. Det vert gitt prioritert plass til sysken av barn som alt har plass, og som fortset i barnehagen.

3. Personalplass. Det vert gitt prioritert plass til barn av personale som bur i Time kommune.

Dersom den tilsette sluttar i barnehagen, mister barnet barnehageplassen.

### 3.4 Barn som søker etter frist for hovedopptaket eller ikkje har Lovfesta rett til barnehageplass.

1. Barn med funksjonshemming skal ha prioritet ved opptak dersom barnet etter sakkunnig vurdering er funne å kunne ha nytte av opphald i barnehage.(jfr.§ 13 i Lov om barnehagar ). barn som er omfatta av omsorgsvedtak og andre vedtak fatta i fylkesnemnda i medhald av Lov om barneverntenester §§ 4-12 og 4-4. (jfr 7-2 første ledd).

2. Barn som har særlege behov for plass pga sosiale, kulturelle, pedagogiske, sosialøkonomiske, språklege eller miljømessige tilhøve. Dokumenterast med skriftleg tilråding frå ppt-kontor,helsesyster eller barnevern.

3. Barn frå familiar som har store belastningar pga alvorleg sjukdom og/eller funksjonshemming. Dokumenterast med skriftleg tilråding frå ppt-kontor, helsesyster eller barnevern.

4. Personalplassar kan gis til barn av personale som ikkje bur i Time kommune. Denne plassen kan disponerast fram til neste barnehageår.

Dersom den tilsette sluttar i barnehagen, mister barnet plassen.

3.5 Tildelt plass gjeld fram til skulepliktig alder, dvs frå opptaksdato til skulestart det året barnet fyller 6 år.

### 3. 6 Oppseiing av barnehageplass skal gjerast skriftleg til barnehagen

Oppseiingstida er til vanleg 1 måned etter oppseiinga.

Plassen kan ikkje seiast opp etter 1.mars for inneverande år. Ved oppseiing etter 1 mars må det betalast ut barnehageåret sjølv om plassen ikkje vert nytta. Det kan berre søkjast fritak frå betaling etter oppseiingsmånaden dersom barnet flytter frå kommunen.

## § 4 Opningstida

### 4. 1 Barnehage og skule har same oppstartsdato i august

Heildagsbarnehagane har ope 11 månadar.

Undheim barnehage har stengt 3 veker i juli.

Fotland barnehage og Barnehagen i bryne kyrkje har stengd 4 veker i juli.

Julaftan, nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag er stengde.

4. 2 Barna må ha minst 5 veker ferie i løpet av barnehageåret. 3 veker må takast samanhengande i perioden 01.06 - skulestart. Planleggingsdagane kan reknast som ferie. Foreldre som kan dokumentere at dei ikkje har tariff-festa rett på dei siste 4 feriedagane opp til 5 veker, får dispensasjon for desse 4 dagane. Barnehagen må ha melding innan 1.mai når det gjeld sommarferie.
4. 3 Personalet i barnehagen har rett til 5 planleggingsdagar i året. Desse dagane er barnehagane stengde.

## **§ 5 Betaling**

5. 1 Betaling for barnehageplass skjer etter reglar og satsar som til ei kvar tid vert fastsette av Time kommunestyre. Kommunen har utarbeidd eigne retningslinjer for fastsetting av betalingsssatsar og betalingsrutinar.
5. 2 Dokumentasjon på inntekt skal kvart år leverast til administrasjonen seinast 1.august. Ved tildeling av plass skal føresette få vita betalingsssatsen. Retningslinene for fastsetting av betalingsssatsar skal informerast om ved tildeling av barnehageplass.
5. 3 Årsbetalinga skal fordelast i årlege fastsette terminar. Dersom avgifta ikkje vert betalt på føreskriven måte, føretekk kommunekassen innfordring som vanleg for forfalne kommunale avgifter.
5. 4 Vedtak om fastsett betalingsavgift kan påklagast. Klageutvalet er endeleg klageinstans. Klagen skal sendast kommunalsjef for oppvekst innan 3 veker etter vedtaket er gjort kjent for føresette.
5. 5 Dersom familien ikkje har betalt opphaldsavgifta i privat barnehage, kommunal barnehage eller skulefritidsordning, vert det ikkje gitt tilbod om barnehageplass.
5. 6 Barnet kan mista plassen ved :
  - manglande betaling
  - dersom ein oppgjer urette opplysningar ved opptak
  - dersom ein unngår å gje melding om endringar i familiesituasjonen som har konsekvensar for barnehagetilbodet, eks flyttar frå Time kommune.
  - dersom barnet uteblir frå barnehagen i lengre tid, utan at personalet er varsla

## **§ 6 Foreldreråd og samarbeidsutval**

6. 1 Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval, jfr.§ 4 og § 5 i Lov om barnehagar.
6. 2 Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barn i barnehagen .
6. 3 Samarbeidsutvalet består av repr frå foreldre/føresette, tilsette og eigar.

## **§ 7 Leike- og opphaldsareal per barn**

7. 1 Hovudregel for arealutnytting :  
For barn over 3 år : 4 kvm netto leike- og opphaldsareal
7. 2 For barn under 3 år og for funksjonshemma barn : 5,3 kvm netto leike- og opphaldsareal
7. 3 Eigar/huseigar kan bruke areala utanom barnehagen si opningstid, og er ansvarleg for utleige

## **§ 8 Internkontroll**

8. 1 Barnehagane er omfatta av forskrift for internkontroll. Det skal finnast dokumentasjon for internkontrollsystem i kvar barnehage.
- 8.2 Barna får melk, frukt og 1 måltid midt på dagen.

## **§ 9 Barnas helse**

Før barnet begynner i barnehage, skal det leggjast fram erklæring om barnet si helse . Dersom barnet har møtt til ordinære undersøkingar på helsestasjonen, kan ei slik erklæring verta gitt av føresette.

## **§ 10 Forsikring**

Barnehagen har ulykkesforsikring av barna. Forsikringa gjeld reise mellom heim og barnehage ved levering og henting, og den tida barna er i barnehagen.  
Forsikringa gjeld ikkje tap av personlege eigendelar.

## **§ 11 Teieplikt**

For folkevalde, administrasjon og tilsette i barnehagane, gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§ 13 - 13 f.

## **§ 12 Tilsetting av personale**

Time kyrkjelege administrasjonsutval tilset personale og fastset stillingsinstruks. Styrar og pedagogisk leiar skal ha førskulelærarutdanning.  
Det skal leggjast fram gyldig helse-og politiattest ved tilsetting.

## **§ 13 Endring av vedtektene**

Endring av vedtektene kan berre gjerast av eigar etter uttale frå samararbeidsutvalet.  
Endringane skal sendast kommunen til orientering.